

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for opplæring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, Leikanger (møterom Åskora, 5 etg.)</b>
<b>Møtedato</b>	<b>12.05.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>13:45 – 16:10</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Karianne Torvanger (Ap)**  
**Henrik Oppen (Ap)**  
**Senea Sabanovic (Ap)**  
**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)**  
**Anders Ryssdal (Sp)**  
**Ole Johnny Stubhaug (Sp)**  
**Sonja Merethe Øvre - Flo (H)**  
**Alfred Bjørlo (V)**  
**Trude Brosvik (KrF)**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesdirektør Bekka Skaasheim**  
**Fylkeshovudtillitsvald Alf Reidar Myrstad**  
**Elev- og lærlingombod Venke Nordeide**

**Sekretariat for møtet:**

**Førstekonsulent Merete H. Nornes**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 12.04.2016 vart godkjent utan merknader.

---

**Representanten Trude Brosvik hadde sendt inn spørsmål til fylkesdirektøren ang. ressursbruk til undervisning i sosialmedisinske institusjonar. Svar frå rektor ved Mo og Øyrane vidaregåande skule ligg som vedlegg til møteboka.**

## **SAK 12/16      Skriv og meldingar**

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

#### Skriv til orientering:

1. Førebels svar på landslinjesøknad for skiskyting ved Stryn vidaregåande skule, brev datert 05.04.16 frå Kunnskapsdepartementet.
2. Fråsegn – Landslinje for langrenn og skiskyting i Stryn, protokoll frå Idrettskrinstinget 2016.
3. Brev til fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane, vg2 og 3 elevar, læreplass og fagbrev utan læreplass, **ikkje off. ofl. § 13.**
4. Svar vg2 og 3 elevar, læreplass og fagbrev utan læreplass
5. Melding til Stortinget 28 (2015-2016) Fag – Fordyping – Forståelse. *En fornyelse av Kunnskapsløftet*, notat frå fylkesdirektøren datert 4.5.16

-----

## **SAK 13/16      Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 opplæringssektoren**

Saka vart lagt fram utan tilråding.

### **Endringsframlegg:**

#### **Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande framlegg til vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring tilrår at ei eventuell iverksetting av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp:

Utgreiing 17. Stimuleringstiltak i fag og yrkesopplæring, med inntil 2,4 mill.

Utgreiing 13. Omstillingstiltak og seniortiltak for pedagogisk personale, med inntil 2,9 mill.

Følgjande utgreidde tiltak vert føreslege realitetshandsama og vurderte ved seinare tidspunkt:

Utgreiing 12. Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale

Utgreiing 9. Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i vedteke handlingsprogram

Utgreiing 10. Leiingsressurs utover avtalefesta nivå

Utgreiing 58. E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane

Utgreiing 13. Omstilling og seniortiltak for pedagogisk personale. Innsparing utover 2,9 mill.

Følgjande utgreidde tiltak vert ikkje sett i verk:

Utgreiing 7. Rådgjeving utover avtalefesta nivå

Utgreiing 11. Sommarskule

Utgreiing 17. Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa. Innsparing utover 2,4 mill.

2. Skulane er viktige inn i folkehelsearbeidet for denne aldersgruppa, og tilskotet til dette arbeidet er ikkje berørt av kutforslaget.
3. Hovudutval for opplæring har ikkje uspesifiserte innsparingskrav for 2017.
4. Hovudutval for opplæring viser til økonomiplanvedtak juni 2015 sak 26 – 2015. «Fylkestinget vil vurdere utgreiingsrammene for sektorane i samband med dei årlege budsjettprosessane når delutgreiingane er klare og det er kjent om vi får opptrapping av tapskompensasjonen.»

Utvalet meiner at dersom ein vedtek ytterlegare kutt ut over dei som er sett her, vil det ikkje vere mogleg å oppretthalde den kvaliteten på opplæringa som er forsvarleg.

#### **Avrøysting:**

Hovudutvalet for opplæring sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Hovudutval for opplæring tilrår at ei eventuell iverksetting av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp:

Utgreiing 17. Stimuleringstiltak i fag og yrkesopplæring, med inntil 2,4 mill.

Utgreiing 13. Omstillingstiltak og seniortiltak for pedagogisk personale, med inntil 2,9 mill.

Følgjande utgreidde tiltak vert føreslege realitetshandsama og vurderte ved seinare tidspunkt:

Utgreiing 12. Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale

Utgreiing 9. Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i vedteke handlingsprogram

Utgreiing 10. Leiingsressurs utover avtalefesta nivå

Utgreiing 58. E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane

Utgreiing 13. Omstilling og seniortiltak for pedagogisk personale. Innsparing utover 2,9 mill.

Følgjande utgreidde tiltak vert ikkje sett i verk:

Utgreiing 7. Rådgjeving utover avtalefesta nivå

Utgreiing 11. Sommarskule

Utgreiing 17. Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa. Innsparing utover 2,4 mill.

2. Skulane er viktige inn i folkehelsearbeidet for denne aldersgruppa, og tilskotet til dette arbeidet er ikkje berørt av kutforslaget.
3. Hovudutval for opplæring har ikkje uspesifiserte innsparingskrav for 2017.

4. Hovudutval for opplæring viser til økonomiplanvedtak juni 2015 sak 26 – 2015.  
«Fylkestinget vil vurdere utgreiingsrammene for sektorane i samband med dei årlege budsjettprosessane når delutgreiingane er klare og det er kjent om vi får opptrapping av tapskompensasjonen.»

Utvalet meiner at dersom ein vedtek ytterlegare kutt ut over dei som er sett her, vil det ikkje vere mogleg å oppretthalde den kvaliteten på opplæringa som er forsvarleg.

-----